

dok 5

Kultur- og kirkedep. KI	
Saksnr. 04/277	Dato 28.01.08
Kode Ki-547	Beh. NIV



Hans Holmboes gate 22
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47/ 55 58 21 17
Fax: +47/ 55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Kultur- og kyrkjedepartementet, KKD
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår dato: 26. januar 2004

Vår ref.: 200100810/12 AM/EHE

Deres dato: 16. oktober 2003

Deres ref.: 2003/394 KIA

HØYRINGSUTTALE — NYTT KYRKJEBOKREGISTER FOR DEN NORSKE KYRKJA

NSD har med interesse lese utgreiinga "Nytt kirkebokregister for Den norske kirke".

Den oversende rapporten er grundig og gjev god oversikt når det gjeld problemstillingar i samband med å utvikla dette unike datatilfanget om det norske samfunnet. Nedanfor følgjer NSD sine kommentarar til rapporten.

NSD har i utgangspunktet ikkje noko særskilt synspunkt på kva kyrkjelege handlingar og opplysingar som framleis bør registrerast i ei framtidig kyrkjebok/kyrkjeboksregister. Det bør først og fremst vera opp til Kyrkja og styresmaktene å avgjera kva data som det er bruk for.

Når det er sagt er det likevel grunn til å understreka at ein god del av datamaterialet frå kyrkjebøkene vil ha interesse utover behovet for styringsdata i kyrkje og forvaltning. Det er viktig å ta vare på slike data for statistiske og historiske føremål - særleg er det viktig å gjera data tilgjengelege for forskingsføremål. I dag vert fleire av dei opplysingane som er tenkt rapportert via eit elektronisk kyrkjeboksregister registrert i samband med den kyrkjelege årsstatistikken frå sokna i Den norske kyrkja. Det er viktig å oppretthalda tilgjenget til dette datamaterialet ved ei eventuell omlegging til eit personbasert elektronisk kyrkjeboksregister.

Ved å kopla eit framtidig kyrkjeboksregister saman med det personbaserte Medlemsregisteret for Den norske kyrkja, er det viktig at det vert teke høgde for å tilretteleggja data for arkivering og aggregering til regionale nivå. Ved å etablera gode rutinar for å tilretteleggja data på t.d. soknenivå eller kommunenivå vert data anonymiserte og materialet kan koplast saman med ei rekkje andre datakjelder som gjer at verksemda i Den norske kyrkja kan sjåast i samanheng med den øvrige samfunnsutviklinga. Ved å ha gode rutinar for lagring av data vil det etterkvart kunna byggjast opp ei uvurderleg datamateriale med tidsseriar som vil gje nye dimensjonar ved analysar av denne delen av det norske samfunnet. Korleis slike data skal arkiverast og tilretteleggjast ved overgang til eit elektronisk kyrkjeboksregister, og kven som skal bera ansvaret og kostnadar ved dette, bør etter NSD si vurdering verta nærare utgreidd. NSD meiner desse problemstillingane må sjåast i samanheng med arbeidet som har vore gjort med etableringa av NSDs Kyrkjedatabase og arbeidet som for tida vert gjort for å integrera rapportering for kyrkjeleg sektor i KOSTRA. Det er viktig å understreka at det må takast høgde for kostnadar ved å driva slikt vedlikehald og slik ekstern tenesteyting når det gjeld ein såpass omfattande database med så stor samfunnsmessig verdi.

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47/ 22 85 52 11. nsd@uio.no


TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47/ 73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no

TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47/ 77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

Når det gjeld å vurdera kva av dei tre skissene i utgreiinga (1. *Status quo*, 2. *Minimumsløysing* eller 3. *Teknologisk vidareføring*) som er best eigna for framtidig kyrkjebokføring, er det liten tvil om at det sistnemnte alternativet er det beste. Ved å nytta ny teknologi som koplar lokale og sentrale brukarar til ei sentralisert og standardisert databaseløysing vil kyrkjebokføringa kunna effektiviserast monaleg. Ved ei slik løysing er ein likevel avhengig av at både den teknologiske infrastrukturen er på plass og at det vert stilt krav til rapportørane om at vedlikehald av registeret vert prioritert. Vidare er ei slik moderne teknologisk løysing etter NSD si meining påkravd om ein hurtig skal kunna kopla og effektivt utnytta datamaterialet.

Ut over dette er det NSD si meining at den oversende utgreiinga "Nytt kirkebokregister for Den norske kirke" gjev eit godt grunnlag for å avgjera om det skal etablerast eit elektronisk kyrkjebokregister i Noreg.

Med helsing



Bjørn Henrichsen



Arild Mellesdal